

## MARKENSTEIN (Åmotsdal)


I øvre kant av Fossheim-jordet ligg ein stor stein som blir kalla Markenstein. Til denne er det knytt ei gamal segn som lyder slik:

Då fyrste kyrkja i Åmotsdal blei bygd, ville risane i Rønjomsnuten og Skarsnuten stoppe arbeidet. Dei kasta kvar sin stein mot kyrkja, men klara ikkje å råke. Steinen til Rønjomsrisen datt ned i Fossheimjordet og steinen til Skarsnutrisen datt ned i jordet på Rønjom. Denne er seinare kalla Gråhetta. Gråhetta stend enno i Rønjomjordet der den datt ned. Steinen som kom i Fossheimtunet blei boren vekk. Fossheimbonden fekk tenesteguten til å bera steinen i øvre kant av jordet, og for det arbeidet fekk han ei mark. Difor heiter steinen MARKENSTEIN.

Ved Markenstein kan ein og tenkje på alle dei som gjennom tidene hev gjenge vegen over Skare, både folk og fe. Det er sikkert tusental med smått og stort. Som avslutning kan det kanskje høve å taka med eit par vers som er skrive om gamlevegen av Einar Hovdhaugen.

Mang ein sår og vegasliten fot har forma denne veg,  
men han blei og stundom trakka lett av lykkelege steg.  
Når ein svære bærer tyngde, gjorde ganga tung og sein,  
var det lykke det å finne vegkant med kvilarstein.

Snart vil gamlevegen gløymast, tida løyner alle far,  
unge slekter som nå går her kan kje ane det som var.  
Seige gongslit, kvilarsteinar, har kje rom i deira sinn,  
eg vil sitje her ein time – minnast gamlevegen min.



Åmotsdal barnehage på tur til Markenstein.